




Hordaland fylkeskommune
Samferdsleavdelinga, Vegseksjonen
v/ Seksjonsleiar John Martin Jacobsen
Postboks 7900
5020 BERGEN

Uttale frå Hardangerrådet vedr. forslag til endringar i nummering av fylkesvegar i Hardanger/Kvinnherad:

Vi viser møte i Hardangerrådet 30.03. og til presentasjon og drøfting «Vegnummer på fylkesvegane i Hordaland».

I møtet den 30.03. vart det lagt fram slikt forslag til endring av vegnummer på deler av fylkesvegnettet:



Hardangerrådet har drøfta forslaget og gjev følgjande uttale i saka:

1. Hardangerrådet støttar prinsippa som ligg til grunn for gjennomgåande nummerering av fylkesvegane i Hardanger og Kvinnherad. Hardangerrådet ser det som svært positivt at traseen frå Trengereid til Odda via Jondal får gjennomgåande nummerering. Den «nye» hovudtraseen mellom Odda og Bergen vil lettare kunne skiltast når den får ny nummerering slik forslaget inneber.
2. Hardangerrådet krev at fylkesvegen mellom Norheimsund og Granvin framleis må ha nummereringa Fv7. Denne vegen er omkøyringsveg for E16 og den er i tillegg svært kjend og innarbeidd som turistveg. Det er derfor eit krav frå Hardangerrådet at denne vegen framleis skal ha nummereringa Fv7.

Kinsarvik 31.05.2017

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt